

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-121, FA-K72	14/860

Saknr	Utval	Type	Dato
046/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019

Regional plan for vassforvaltning – Høyring og offentleg ettersyn av planprogram og hovudutfordringar for 2022 – 2027 og Handlingsprogram for 2019 – 2021

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Oversendelsesbrevet om høyring av vassplanen - høyringsperiode 01.04. - 30.06.2019	06.05.2019
Regional plan for vassforvaltning.høyringsbrev 8.4.19	06.05.2019
Nasjonale føringer for arbeidet med oppdatering av de regionale vannforvaltningsplanene	15.04.2019
hovudutfordringar-i-vassomrade-nordhordland_12.04.2019-1	12.06.2019
handlingsprogram--hordaland-vassregion--utkast-26.feb-2019	12.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har ikkje merknad til planprogrammet for regional plan for vassforvaltning med tilhørande utfordringsdokument og handlingsprogram.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Regional plan for vassforvaltning (vassforvaltningsplanen) gjeld for planperioden 2016-2021. Regionen set no i gong arbeidet med å revidere planen. Revidert plan skal gjelde for 2022 – 2027. Vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland er planlagt slegne saman til Vestland vassregion frå 1.januar 2020. Revidert vassforvaltningsplan vil gjelde for Vestland vassregion. På bakgrunn av dette er det no utarbeida eit felles planprogram for vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane, for ny Vestland vassregion. Utforming av eit planprogram er første formelle grep i arbeidet med å utarbeide ein revidert plan.

Fylkeskommunane har no vedteke å leggje planprogram og hovudutfordringar for planperiode 2022 – 2027 og Handlingsprogram for 2019 – 2021 ut på høyring og offentleg ettersyn jf. plan – og

bygningsslova §§ 4–1, 8-1, 8–3. Høyringsperioden er sett til 1. april til 30. juni 2019.

Hovudutfordringsdokumentet gjev ei oversikt over kunnskapsgrunnlaget til planen og hovudutfordringar i vassregionen. Kunnskapsgrunnlaget er henta frå databasen Vann-nett (www.vann-nett.no/portal). Det er her mogleg å ta ut rapportar frå vassregionen, vassområda, eller kvar enkelt vassførekomst m.m. Høyringsutkast på hovudutfordringar i Hordaland ligg på: vannportalen.no/vannregioner/hordaland.

Alle dokumenta knytt til sjølve høyringa finn ein på Vannportalen.no ved å følgje denne lenka: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/hordaland/plandokument/plandokument---pa-hoyring-i-2019/>

Klima – og miljødepartementet har i brev dagsett 19.03.2019 utarbeida nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltningsplanane. Dette brevet er vedlagd saka, og seier mykje om kva rolle dei ulike aktørane har i planarbeidet, og kva forventningar departementet har til ulike typer tema knytt til vassmiljø og innsats for å forbetre kvaliteten til vassmiljøa.

Dokumentet « Hovudutfordringar i vassområde Nordhordland med tilhøyrande tiltaksprogram 2020 – 2022» er og på høyring. Desse dokumenta tek opp viktige utfordringar knytt til vassforekomstane som ligg i Nordhordland og og kvar kommune vert skildra særskilt. På side 19 og 20 i dokumentet er Masfjorden kommune skildra med fokus på havbruk, vasskraft og hyttefelt i Stordalen.

Handlingsprogrammet som skal gjelda for perioden 2020 – 2022 koordinerer prosessen med å nå miljømåla i planen. Programmet viser kva for oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for å få gjennomført planen. Handlingsprogrammet er avgrensa til sjølve planprosessen for å sikre framdrift og samhandling og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet.

Oppgåvene er ikkje lista etter prioritert rekkefølge.

Vurdering

Rådmannen har vurdert planprogrammet for den regionale vassforvaltningsplanen og meiner dette på ein grei måte skildrar korleis planoppgåva skal løysast, og kva som vert viktige tema. Slik ein ser det vil planprosessen sikre god deltaking, og endeleg plan vil også kome på høyring til slutt. Ein har difor ikkje merknad til innhaldet i dette dokumentet

Når det gjeld dokumentet om hovudutfordringar i vassområde Nordhordland med tilhøyrande tiltaksprogram har rådmannen ingen merknad.

Handlingsprogrammet for perioden 2019 – 2021 inneheldt 28 aktiviteter, og fordeler ansvaret på ulike sektorar. Rådmannen har heller ikkje merknad til dette.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune tek høyringsdokumenta til etterretning.

Formannskapet - 046/2019

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune har ikkje merknad til planprogrammet for regional plan for vassforvaltning med tilhøyrande utfordringsdokument og handlingsprogram.